Totalt påløpt på alle prosjekt innanfor dette området i 2022 er 5,2 mill kr mot budsjettert 6,2 mill kr, eit mindreforbruk på 1,0 mill kr. Til saman er budsjettmidlar på 1,2 mill kr flytta frå 2022 til 2023. Dette skuldast at det på prosjekt Oppgradering tak Solhall er bokført nokre utgifter etter at saka om overføring av midlar (KS 019/23) vart fremja. Dette bil verte korrigert i 1. tertialrapport 2023.

Sum skulebygg

Mange mindre prosjekt. Totalt påløpt på alle prosjekt innanfor dette området i 2022 er 14,4 mill kr mot budsjettert 17,9 mill kr, eit mindreforbruk på 3,5 mill kr. Til saman er budsjettmidlar på 3,0 mill kr flytta frå 2022 til 2023. Av dette er 1,5 mill kr til restarbeid på nye Alversund barneskule.

Sum kultur og idrett

Også her er det mange mindre prosjekt, tilsaman påløpt 20,7 mill. kr mot budsjettet 22,2 mill. kr i 2022. Største prosjekt er nytt kunstgrasdekke på Ostereidet med netto kostnader på 9,9 mill. kr og arbeidet med tilpassing til ny forskrift for kunstgrasbanar med 2,8 mill. kr. På dette siste prosjektet har vi kome lengre i 2022 enn planlagt, og vi har eit meirforbruk i 2022 på 1,5 mill. kr. Budsjettet for 2023 for dette prosjektet er difor redusert med tilsvarande sum, og totalkostnaden for prosjektet er såleis uforandra.

Vi har og meirforbruk med 1,4 mill. kr på prosjekt Dagsturhyttar og 1,3 mill kr på Radøyhallen oppgradering. Avviket på Dagsturhytte-prosjektet skuldast at utgiftsbudsjettet ikkje er justert opp med tilskot motteke på prosjektet, medan arbeidet på Radøyhallen vert meir omfattande enn rekna med.

Det er oppretta nytt prosjekt i 2023 for Løe Alversund med kostnad 4,3 mill. Midlane er overført frå prosjekt Alversund Barneskule. Arbeidet med Løe er ikkje kome i gang, og midlane er overført til 2023.

Bustader

Største prosjekt i 2021 er Kjøp og sal av bustader med utgifter på 11,1 mill kr. Prosjektet er ikkje budsjettet, men basert på fullmakt i sak FO 31/2020. Kjøpet er finansiert med sal av bustader på 12,4 mill. kr og tilskot 1,1 mill. Netto inntekt i prosjektet på 2,4 mill. er avsett til fond for kjøp av sal av bustader. Verdien av fondet per 31.12.2022 er 20,6 mill. kr. Totalt påløpt på andre prosjekt innanfor dette området i 2022 er 1,9 mill kr mot budsjettet 10,6 mill kr, eit mindreforbruk på 8,7 mill kr, som er flytta frå 2022 til 2023 i vedtaket i kommunestyret frå februar 2023. Inkludert her er prosjekt Mjåtveitstø Bufellesskap budsjettet med kr 7 mill i 2022, men forseinka, og 6,9 mill. kr er flytta til 2023.

Institusjon og omsorgsbustader

Totalt påløpt på alle prosjekt innanfor dette området i 2022 er 2,5 mill kr mot budsjettet 14 mill kr, eit mindreforbruk på 11,5 mill kr. Største prosjekt er Bufellesskap budsjettet med 2,8 mill. kr, Meland - Omsorgsbustader budsjettet med 3,9 mill. kr, og ombygging Lindås Bu- og servicesenter med budsjett på 3,0 mill. kr. Alle prosjekta ligg etter framdriftsplan, og til saman er budsjettmidlar på 11,4 mill. kr på prosjekt innan institusjon og omsorgsbustader overført til 2023.

Kyrkjer og gravplassar

Det er i investeringsoversynet ikkje registrert påløpte investeringsutgifter til prosjekt innan området Kyrkjer og gravplassar. Prosjekt budsjettet i 2022 var Lindås Gravplass med 2,5 mill kr. Prosjektet er ikkje kome i gang, og midlane er overført til 2023.

Transportmidlar og teknisk utstyr

Totalt påløpt på alle prosjekt er 1,9 mill kr mot budsjettet 2,7 mill kr, eit mindreforbruk på 0,8 mill kr.

Brann og redning

Totalt påløpt på alle prosjekt er 10,7 mill kr mot budsjettet 13,2 mill kr, eit mindreforbruk på 2,5 mill kr. Prosjekt Brannstasjon har revidert budsjett på 0,9 mill. kr i 2022. Det er påløpt 1,8 mill. kr på prosjektet fordi framdrifta er høgare enn rekna med i revidert budsjett. Budsjettet for 2023 er redusert med 0,9 mill. kr for å dekke opp for dette. Nye brannbilar budsjettet med 12 mill kr i 2022 er noko forseinka. Det er påløpt kr 8,5 mill. kr i 2022, og 3,5 mill. kr er flytta til 2023.

Sjølvkost Vatn

Totalt påløpt på alle prosjekt 94,9 mill kr mot budsjettert 87,3 mill kr, eit totalt meirforbruk på 7,6 mill kr.

Meirforbruket skuldast prosjekt Vågseidet - Sjurset vannleidning som i budsjettet viser eit meirforbruk av rekneskapstekniske årsaker på 16,9 mill. kr. Prosjektet er finansiert med kommunal andel på 40%, og tilskot frå Equinor med 60%. Kun den kommunale delen er lagt inn i budsjettet for 2022 med 24 mill. kr. Når vi fører brutto vert det 40,8 mill kr. i utgifter og tilskot på 25,8 mill. kr. Tilskotet er ført som del av investeringsinntekter - tilskot frå andre - i bevillingsoversikt - Investering (2A). Netto kommunal utgift i 2022 er 15 mill. kr som er 9 mill. kr mindre enn det reviderte budsjett på 24 mill. kr.

Elles er resultatet for alle prosjekt stort sett innanfor budsjetttrammene for 2022, unnateke Diverse mindre prosjekt Vatn med eit meirforbruk på 6,2 mill. kr. Ser man dette i samanheng med mindre prosjekt avlaup der vi har eit mindreforbruk på 11 mill. kr i 2022, så er netto mindreforbruk på desse prosjekta til saman 4,8 mill. Vi har i 2022 hatt behov for midlar til fleire mindre tiltak innan Vatn enn innan avlaup. Utanom endring i 2023-budsjettet på prosjekt Vågseidet - Sjurset vannleidning er budsjettmidlar til saman på sjølvkost Vatn på 14,7 mill kr flytta frå 2022 til 2023 pga at framdriftene til prosjekta er lågare enn det som var lagt inn i revidert budsjett for 2022.

Sjølvkost Avlaup

Totalt påløpt på alle prosjekt 43,6 mill kr mot budsjettert 73,9 mill kr, eit mindreforbruk på 30,3 mill kr. Til saman er budsjettmidlar på 23,5 mill kr flytta frå 2022 til 2023. På dei fleste prosjekt er rekneskapen ihht. budsjett eller under.

Veg og samferdsle

Totalt påløpt på alle prosjekt 0,8 mill kr mot budsjettert 13,2 mill kr, eit mindreforbruk på 12,4 mill kr. Tilsvarande er budsjettmidlar på 12,4 mill kr flytta frå 2022 til 2023. Det har vore gjort lite på prosjekta Kommunale vegar, Trafikksikringstiltak og Veglys, oppgradering (armatur, målarar) i 2022, og så og seie alle budsjettmidlane på desse prosjekta er difor overført til 2023.

Areal og anna utbygging

Totalt påløpt på alle prosjekt 17,1 mill kr mot budsjettert 37,1 mill kr, eit mindreforbruk på 20,0 mill kr. Som del av dette er meirforbruket på 12,3 mill kr knytt til makebyte med Alver Tomteselskap AS. Denne utgiften høyrer saman med meirinntekter på 12 mill kr som ligg i finansieringsdelen av investeringsrekneskapen (2A). Nettoen mellom inntekt og utgift knytt til dette makebyte vert såleis 0,3 mill kr.

På prosjekta "Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt" og "Knarvik - Forskottering utbygging" er mindreforbruket i forhold til budsjett til saman 29,8 mill kr. Dette skuldast mindre aktivitet knytta til utbyggingsavtalar i Knarvik sentrum med tilhøyrande kommunale utlegg enn rekna med i budsjettet for 2022. Det er ikkje overført midlar frå 2022 til 2023 på dette prosjektet, men prosjektet er rebudsjettert på nytt i økonomiplan for 2023-2026 / budsjett 2023.

Prosjektet "Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar" er budsjettert med 2,0 mil kr, og rekneskapsført med 0,2 mill kr, og mindreforbruk er på kr 1,8 mill kr. Midlane går til mindre grunnverv i samband med andre utbyggingar innan til dømes VA eller veg. Dette prosjektet er også rebudsjettert i 2023, og mindreforbruket er difor ikkje overført til 2023.

Diverse prosjekt

Dette er i hovudsak prosjekt knytt til justeringsavtalar med utbyggjarar grunna at kommunen skal få momsrefusjonen knytt til desse avtalane. Tilsvarende inntekter er ført som del av investeringsinntekter - tilskot frå andre - i bevillingsoversikt - Investering (2A). Tek ein omsyn til dette er det reelle meirforbruket på desse prosjekta på 0,2 mill. kr.

Tilskot til andre sine investeringar

Alver kommune får refundert meirverdiavgift/kompensasjon på anlegg som utbygger har fedigstilt og overdratt til kommunen som følge av inngått justeringsavtalar. Kommunen tilbakebetaler utbygger meirverdiavgift/kompensasjon kommunen har fått frå staten fråtrekt administrasjonshonorar på 15%. Tilhøyrande inntekt er bokført som del av investeringsinntekter i bevillingsoversikt - Investering (2A).

Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Grunna auke i pensjonsmidlane i KLP må kommunen kvart år betale inn eigenkapitalinnskott i KLP, då kommunen sin eigenkapital til ei kvar tid skal vere ein andel av midlar og forpliktingar i pensjonsordninga. I 2023 var innskottet på kr 5,3 mill kr, som er det same som i revidert budsjett.

Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status verbalpunkt

Verbalvedtak

Beløp i 1000

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Eigedomar	Kommunestyret ber rådmannen komme med ei sak om ev. sal av Kvassnesvegen 27/39 (gamle Western Geco) og gamle Alversund skule.	Iht. plan	Kommunedirektøren orienterte om eit eventuelt sal av Kvassnesvegen 27/29 og gamle Alversund skule i Formannskapet 10.februar 2022 under sak 020/22. For Kvassnesvegen vart det lagt fram informasjon om aktivitetane på eigedommen i dag og kva planer som skal iverksetjast i løpet av dei neste to åra. Her driv private aktørar utvikling og det skal på plass mykje viktig kommunal infrastruktur som vert avgjerande for vidare utbygging av sentrale Knarvik. Mange av tiltaka skal sikrast gjennom utbyggingsavtalar. Kommunalt eigarskap til tomtene kan spele ei viktig rolle i styring av utviklinga av Knarvik sentrum. Kommunedirektøren tilrådde at Alver kommune ikkje sel eigedommen enno, men brukar denne i ei strategisk utvikling av Knarvik sentrum. Orienteringa om Kvassnesvegen vart fulgt opp med ei eiga orientering knytt til dei

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			pågåande utbyggingsavtaleprosessane for området. Dette vart presentert for Formannskapet i lukka møte 31. mars 22, sak 050/22. Alversund skule har framleis nokre viktige funksjonar i drift. Dette gjeld spesielt for opplæringsbassenget der om lag 1100 elevar har undervisning kvart skuleår. Idretten nyttar dagleg uteareala/baneanlegg til treningar. Eigedommen i Alversund er regulert til sentrumsformål med krav om detaljplan før ei vidare utvikling av området kan skje. Det pågår for tida store reguleringsprosessar knytt til ny Alversund bru. Kommunalt eigarskap til skuleområdet gjer at kommunen sit tett på prosessane og vil vere eit viktig strategisk verktøy for kommunen framover. Dette vil også gjelde for ein detaljreguleringsprosess. Her kan kommunen sitt eigarskap bidra til å auke potensialet ved eit framtidig sal. Kommunedirektøren rådde til at Alver kommune framleis står som eigar av tomte til ein er komme lenger i dei pågåande planprosessane.
Innbyggjarservice Knarvik senter	Kommunestyret ber rådmannen gå i dialog med huseigar med mål om å avslutte leigekontrakten på innbyggjarservice.	Iht. plan	Det vart orientert kring verbalpunktet i Formannskapet 10.februar 2022 under sak 020/22. Avtala med huseigar gjeld fram til 2029. Det vil vere eit avtalebrot med erstatningsplikt dersom ein vel å gå ut av kontrakta før utløp av avtalen. Det har vore dialog med huseigar som pr i dag ikkje ser at det er aktuelt å avslutte avtalen. Dette med bakgrunn i dei investeringar som huseigar har gjort i lokala for å tilpasse dei til kommunens bruk.
Lærarstillingar	Kommunestyret reverserer reduksjonen på 7,5 lærarstillingar i 2022, og vil arbeide for å unngå reduksjon i lærarstillingar vidare i økonomiplanperioden.	Ferdig	Tatt inn i budsjettet og tatt omsyn til i ressurstildelinga for skuleåret 2022/2023.
Merkantile ressursar i skulen	Kommunestyret ønskjer ikkje å redusere i den merkantile ressursen på skulane og har funne inndekning for dette i 2022, og vil arbeide for å unngå reduksjon vidare i økonomiplanperioden.	Ferdig	Tatt inn i budsjettet for 2022.
Støtte til TSU	Trafikktryggleik og forebyggjande tiltak innanfor dette området er viktig for Alver kommune, og TSU gjer eit viktig arbeid blant barn og unge. Kommunestyret løyver kr 60 000 for 2022 til TSU. Midlane vert tatt frå trafikktryggleiksfondet.	Ferdig	Tatt inn i budsjettet for 2022. Vert foreslått flytta fra sektor politisk til samfunnsutvikling i 1. tertialrapport.
Utgreiing av eigedomskatt på næring	Kompensasjonsordninga for eigedomskatt på verk og bruk kan tyda på at kommunen må innføre eigedomsskatt på næringseigedom i heile kommunen dersom ein framleis skal krevja inn den delen av skatten som før berre har vore kravd inn på særskilde anlegg frå og med 2025. Dette	Iht. plan	Finansiering av takseringarbeidet vert tatt inn som ein del av 1. tertialrapport 2023. Det vil bli lagt fram sak om resultat av takseringarbeid hausten 2023 i forkant av budsjettvedtaket for 2024.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	gjeld den delen av skatten som kommunen framleis har moglegheit til å krevje inn etter bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk. Kommunestyret ber rådmannen greie ut korleis utskriving av eigedomsskatt på næring kan slå ut i Alver kommune.? Kva skjer med kompensasjonsordninga/overgangsordninga etter 2024? Er det slik at for å behalde ordninga må kommunen innføre eigedomsskatt på næring i heile kommunen?Kva eigedomar/næringsaktivitet fell inn under eigedomsskatt på næring?Kven har rett på fritak for eigedomsskatt på næring?Kva blir inntektene til Alver kommune ved innføring av eigedomsskatt på næring?i heile kommunen?Kommunestyret ber om at denne utgreiinga vert lagt fram for formannskap og kommunestyret våren 2022.		
Utviklings- og forbettringsprogram	Kommunestyret viser til vedtak om utviklings- og forbettringsprogram i sak 071/20. Kommunestyret ber om ei sak som konkretiserer dette arbeidet ytterlegare, og vil følgje opp arbeidet med statusrapport i kvart formannskapsmøte i 2022.	Iht. plan	Kommunedirektøren gikk i formannskapsmøtet 10.02.22 gjennom prosjekt som det er naturleg at ligger i et forbedrings- og utviklingsprogram med jevnlig rapportering til formannskapet. I formannskapsmøtet 24.03.22 gikk kommunedirektøren gjennom system for prioritering av prosjekt og saker inkludert forbedrings- og utviklingsprosjektene. Det var ein ny gjennomgang av dette i formannskapsmøtet 15.06.22 med økonomiplan som hovedtema. I desember 2022 vart det fatta vedtak omat det skal gjennomførast eit organisasjonsprosjekt, og at det skal gjennomførast og leiast av ekstern kompetanse. Anbudskonkurransen vert lyst ut mars 2023, etter at formannskapet januar og februar var involvert i kravspesifikasjonen i anbudet.

Internkontroll

Internkontroll

Heilskapleg verksemdstyring – leiing, planlegging, styring og internkontroll

I arbeidet med å bygge den nye kommunen har kommunedirektøren etablert eit system for heilskapleg verksemdstyring. Dette systemet blei etablert i 2021 og det er jobba vidare med i 2022. Implementering skjer gjennom eit eige utviklingsprosjekt med namnet "Verksemdstyring i Alver". Heilskapleg verksemdstyring handlar om all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring, som også inkluderer internkontroll. Systemet for verksemdstyring skal mellom anna sikre:

- at kommunen følgjer opp lov og forskrift

- at politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål vert satt i verk
- best moglege resultat og kvalitet i tenestene
- lik og samordna styring mellom og innan tenesteyrårda
- effektiv ressursutnytting

Systemet for heilskapleg verksemdstyring er beskrive i eit eige styringsdokument som ligg i kvalitetssystemet. Verksemdstyring består av ulike element som organisasjonen jobbar med å implementere. Elementa i systemet består mellom anna av følgjande element:

- Leiing i Alver
- Planlegging (Plansystemet):
 - Planstrategi
 - kommuneplan og andre kommunale planer
 - handlings- og økonomiplan
- Styring (Gjennomføring, internkontroll og rapportering)
 - Verksemdsplan
 - Styringsmodellar
 - Mål- og resultatstyring
 - Internkontroll
 - Forbetring og innovasjon
 - Rapportering

Implementering og utvikling av desse elementa blir gjennomført både på overordna nivå og ute i tenesteyrårda og avdelingar. Status for dette arbeidet vil bli beskrive vidare i dette dokumentet.


Sektorovergripande nivå

Systematikken i internkontrollarbeidet har vorte vidareutvikla og styrka i 2022. I august 2022 deltok alle leiarane på temadag om Internkontroll, med Tina Skarheim som foredragsholder. Skarheim er sentral bidragsyter i KS sin rettleier "Orden i eget hus – Kommunedirektørens internkontroll".

Kvalitetssystemet

På sektorovergripande nivå er det lagt ned eit betydeleg arbeid med opplæring og utvikling av kvalitetssystemet som vart lansert i november 2021. Leiarar, tilsette og tillitsvalte har fått opplæring i å melde og handtere avvik, samt å bruke og legge inn dokument i dokumentmodulen.

Avvikskategoriane i kvalitetssystemet vart evaluert og forbetra hausten 2022. Ved utgangen av 2022 var det etablert ca. 540 nye godkjente rutinar/retningslinjar i kvalitetssystemet, og meldt inn 3253 avvik, 417 fleire avvik enn i 2021.



(Avvik 2022. Kjelde: avvikssystemet i Alver kommune)

Det er gjennomført opplæring i ROS-modulen, som er eit viktig reiskap for ROS-arbeidet som er eit prioritert område i kommunedirektørens oppdragsbrev for 2023. Systematisk arbeid med ROS på avdelingane førar til at risiko vert redusert gjennom rutinar, retningslinjer og andre tiltak som skal sikre drift i tråd med lov og regelverk. Delar av organisasjonen har også tatt i bruk årshjulsmodulen og sjekklisfefunksjon, som legg til rette for systematisk planlegging av tiltak og aktivitetar gjennom året.

Ettersom den tekniske løysinga og opplæringa i stor grad har kome på plass, har det vore eit særskilt fokus på bygge kultur for å melde avvik som ei kjelde for forbetringsarbeid. I Alver kommune vert dei tilsette oppmoda om å melde avvik for å skape ein kultur for forbetring, slik at praksis som ikkje er i tråd med lov og regelverk, på ein systematisk måte vert følgt opp med relevante tiltak. Det har også pågått arbeid i sektorane for å skape felles forståing for kva eit avvik er.

Avvikskategoriene er revidert slik at dei i størst mogleg grad er tilpassa behova i organisasjonen. Implementeringsprosjektet er avslutta, og kvalitetsarbeidet er no over i ordinær drift. Kvalitetssystemet er tilgjengeleg via intranettet på PC, nettbrett og via mobil. Det gir tilsette enkel tilgang til relevante dokumenter i tenesta, og til å melde og handtere avvik.

Strategisk oppfølging av avvik

I 2022 har det vore fokus på strategisk fokus på avvik og avvikshandtering, både gjennom opplæring på tenesteleiarnivå og ved å sette avvik som eit fast tema på kommunedirektøren sitt leiarmøte ein gong i månaden. I tillegg er det sett i verk ein pilot innanfor barnehageområdet, og utviklingsprosjekt for sektor samfunnsutvikling og teknisk forvaltning og drift.

Informasjonssikkerhet og personvern

Det er iverksett særskilte tiltak for å styrke personvern og informasjonssikkerhet i kommunen. Ny sikkerhetsorganisasjon under leiing av Digitalisering og innovasjon (DI) står bak forsterka satsing. Fokusområdet i 2022 har vore å heve tryggleiksnivået i alle 11 kommunane som er knytt til IKTNH, og som deltek i prosjektet informasjonssikkerheit og personvern. Styrkinga skjer gjennom ei systematisk arbeid med å avdekke sårbarheiter, kartlegge og bygge beredskap, samt informasjonsarbeid om informasjonssikkerheit og personvern, og arbeidet fortset i 2023.

Kommunedirektøren har omdisponert ressursar for å følgje opp informasjonssikkerhetarbeidet, og det er etablert rolle som sikkerhetskoodinator i tett samarbeid med sikkerhetsansvarleg i DI. Det er gjennomført kurs i informasjonssikkerheit og personvern for leiarar, og etablert eige informasjonsområde på intranett.

Juridisk kvalitetssikring

Kommuneadvokatkontoret har ei viktig rolle i internkontrollarbeidet gjennom opplæring, rådgivning og juridisk kvalitetssikring av sakshandsamingsprosessar og rutinar, retningslinjar og reglement.

Kurs og opplæring

- forvaltningslova
- offentliglova
- personvern og informasjonssikkerhet
- sjukeløn
- grunnleggende kurs løn- og rekneskap, eit på våren og eit haust
- budsjettkurs for leiarar
- rapportering økonomi
- økonomiforståing og delegasjon
- HMS-kurs for leiarar

Sektorovergripande dokument som er utarbeidd i 2022

- Retningslinje for internkontroll
- Arkivplan
- Innkjøpsstrategi 2022-2025
- Leiaravtale
- Leiarplattform

Sektorovergripande prosjekt

- Samarbeidsprosjekt mellom IKTNH og samarbeidskommunane i regionen knytt til informasjonssikkerheit og personvern i regi av Digitalisering og innovasjon (DI).
- Prosjekt: retningslinje for å forebygge og følgje opp vald og trugslar.
- Prosjekt: innkjøpsstrategi
- KF Delegeringsreglement: digital løysning for å delegere mynde ved å plassere lovparagrafar hos leiarar og einingar.
- EcoOnline: oppdatering og utvikling av digitalt stoffkartotek.
- Ardoq: oversikt over digitale verktøy/ hjelpemiddel og korleis desse er kopla saman
- Prosjekt: ambod nytt saks/arkivsystem
- Prosjekt: nytt rekrutteringssystem

- Ferdigstilt arkivinnsamling for tidlegare kommunar
- Organisering av forsikringar i Alver kommune. Prosjektet har sikra felles rutiner og beskrivelser som ligg i kvalitetssystemet til kommunen.

Forvaltningsrevisjon

Det har vore gjennomført forvaltningsrevisjon knytt til strategisk økonomistyring i Alver kommune. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å vurdere korleis kommunen arbeider med strategisk økonomistyring innafor drift, samt risikohandsaming og rapportering i prosjektporteføljen. Forvaltningsrevisor sin vurdering er at Alver kommune har eit strukturert og godt system for budsjettplanlegging og rapportering. Det er tydelege rutinar for kva som skal rapporterast og systema i seg sjølv legg til rette for at dei som gjer økonomiske avgjerd sitt på så ferske og korrekte data som mogleg til ei kvar tid. Forvaltningsrevisor sin vurdering av planprosessene er at den er godt strukturert og at det synes hensiktsmessig både med tanke på deltaking og innspel og styring frå toppleiinga. Forvaltningsrevisor sin vurdering av budsjett disponering og usikkerheiter at rutiane er hensiktsmessige. Forvaltningsrevisor sin vurdering av rapportering og avvik er at prosessen også her er god.

På bakgrunn av funn og vurderingar i forvaltningsrevisjonen fekk Alver kommune følgjande anbefalingar:

1. Innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
2. Gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress
3. Tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
4. Gjennomgå rutiane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeliggjere konsekvensane endå betre
5. Innfør detaljerte krav om KVV, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekter

Anbefalingane vert tatt inn i det vidare arbeidet, både med omsyn til århjul og involvering og som politisk sak knytt til anbefalte endringar for investeringsreglementet.

System for klager på service

Alver kommune har etablert eit system for å kunne motta tilbakemelding knytt til negative erfaringar i møte med oss. Dette er ein del av vår internkontroll og system for kontinuerleg forbetring. Målet er at tilbakemeldingane frå brukarane (innbyggjarar og samarbeidspartnarar) skal styrke brukardialogen og gje oss moglegheit til forbetring. Systemet er etablert i samarbeid med representantar for dei tillitsvalde.

I løpet av 2022 er det kome inn 46 klager på service via vårt nye skjema på heimesida. Dette er første heile år med denne moglegheita og vi har difor ikkje tal å samanlikne med.

Det kome inn 29 klager knytt til bestilling av time på Frekhaug legesenter. Tenesta har i ettertid gjort tilpassingar og det er ikkje kome inn nye klagar.

Dei andre klagene (17 stykk) fordeler seg slik: tre knytt til forvaltningskontoret og tre knytt til Plan og byggesak. Dei andre klagene er knytt til forskjellige avdelingar. Mesteparten gjeld klage på lang sakshandsamings-/svartid. Tre klager gjeld faktura.

Planarbeid

- Kommunale planar er sentrale styringsdokument som skal vise korleis kommunen skal utvikle samfunn, areal og ulike fagområde. Det er gjennom kommunal planstrategi kommunen prioriterer kva planar kommunen skal utarbeide.
- Som ny kommune har Alver prioritert å gjennomføre dei mest sentrale planane, men på grunn pandemien er nokre av planprosessane blitt utsett. I 2022 har organisasjonen jobba aktivt med å følgje opp planstrategien som blei justert våren 2021. Og året har vore prega av store og omfattande planprosessar.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedtatt i mai 2022. I tillegg har følgande planar starta opp eller vore i prosess:
 - Kommuneplanen sin arealdel
 - Kommunedelplan for oppvekst
 - Kommunedelplan for helse og omsorg
 - Kommunedelplan for kultur, idrett og frivillighet (Kulturplan)
 - Temaplan for næring (strategisk næringsplan)
 - Interkommunal plan for sjøareal
- I 2022 har planavdelinga jobba aktivt med å utvikle metodikken for gjennomføring av planprosessar. Den legg vekt på at planavdelinga skal leie og styre planprosessane, medan fagområda skal bidra i det faglege arbeidet.
- I arbeidet med planlegging er verktøyet Framsikt tatt meir aktivt i bruk, og her har Alver kommune deltatt i eit pilotprosjekt saman med andre kommunar. Alle planar skal utarbeidast i Framsikt, og det blir jobba med å sikre ei god kopling mellom dei kommunale planane og økonomiplan.

Sektor økonomi

- Utvikla nye og forbetra eksisterande rutinar. Mellom anna for bokføring med fleire dimensjonar og objektføring, som gjer at vi blant anna har betre kontroll på kostnader og korrekt MVA på biler og boliger. Rutinar og prosedyrer som er lagt i kvalitetssystemet vil effektivisere arbeidskvadagen til leiar og kontortilsette. Det er utarbeida sjekklister for handsaming av eigenmelding og sjukemelding. Sjekkelistene skal vera eit verktøy for leiar for å sikre korrekt handsaming, derav gje rett informasjon til tilsette og unngå økonomiske tap.
- Tett samarbeid med NAV i 2022 har bidratt til forbetring av bokføring og kontroll av utbetalingar til flyktning fra forsystemet Flyvo
- Innfordring har tatt i bruk nytt innfordringssystem, Kapitalkontroll AS.
- Frå nov 2022 byrja vi med innfordring av Alver kommune sine slam og renovasjonsgebyr som er fakturert av NGIR
- På fagområde løn har vi starta ein prosess med omfordeling av arbeidsoppgåver slik at løn ikkje er delt inn to separate fagområde, løn og sjukeløn. Alle tilsette på fagområda løn og sjukeløn skal arbeide på tvers av begge fagområda for å minske sårbarheita ved blant anna fråvær. Andre gevinstar er auka kompetanse for alle tilsette på løn og sjukeløn og det vert enklare for leiarar når det er ein person som følg opp sjukelønn og løn.
- Utvikling av elektronisk timeføringssystem for alle leiarar og deler av administrasjonen til å også gjelde ferie og fråvær.

Sektor samfunnsutvikling

- I 2022 har organisasjonen jobba vidare med beredskapsplanlegging og ROS-analyser på dei ulike tenesteområda (teneste-ROS), og her er område med kritiske samfunnsfunksjonar prioritert.

- Fagområdet samfunnstryggleik og beredskap har utvikla eit digitalt verktøy for å gjennomføre teneste-ROS. Verktøyet skal bidra til at tenesteområda i større grad kan gjennomføre ROS og oppdatere beredskapsplanar sjølv.
- Alver kommune har etablert eit beredskapsråd med eksterne aktørar. Føremålet med beredskapsrådet er å drøfte korleis aktørane kan samarbeide betre når krisesituasjonar oppstår. Deltakarar i beredskapsrådet er mellom anna politi, forsvaret, Røde kors, sivilforsvaret og næringsliv.
- På grunn av tryggleikssituasjonen er det gjennomført ei kartlegging av tilfluktsrom. I tillegg er det kartlagt kva tenesteområde som er kritisk i forhold til straumforsyning. Dette er viktig viss det er behov for straumrasjonering.
- Fleire fagområde i sektoren har tatt verktøyet Complete Control i bruk, dette er eit verktøy som skal sikre betre oversikt og oppfølging av avtalar og kontraktar.
- Arbeidet med Brann-ROS blei avslutta, den inneheld ei kartlegging av over 850 risikoobjekt i heile kommunen som påverkar brann- og redningstenesta. Etter kartlegginga blei arbeidet med beredskapsanalyse og førebyggjandeanalyse starta, denne skal vere ferdig til sommar 2023.
- I samarbeid med teknisk forvaltning og drift er det starta eit arbeid med å etablere eit fagsystem for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for brann og redning. Dette systemet er viktig for å sikre trygg og effektiv drift av fagområdet.
- Brann og redning brukar kvalitetssystemet aktivt for å etablere og implementere rutinar og prosedyrar. Fagområdet har også jobba med å etablere system som skal sikre evaluering og læring etter hendingar.
- Kultur har jobba målretta med å bruke kvalitetssystem og avvikssystem meir aktivt, og det er meldt fleire avvik enn tidlegare.
- Arbeidet i sektor-AMU og lokal-AMU har fått eit løft i 2022.

Sektor helse og omsorg

Internkontrollarbeidet i sektor helse og omsorg har i 2022 mellom anna hatt fokus på:

- Prosjekt leining, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift 2021-2024 (statusrapport 2022).
- Læringsnettverk KS CRPD, tenester til personer med utviklingshemming, gode pasientforløp (Leve hele livet).
- Kommunal retningslinje velferdstiltak og arbeidsrelaterte oppgåver hjå vekstbedrifter.
- Styrings- og rapporteringsdata HO
- Benchmarking tildelingspraksis
- Prosjekt fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus
- Vidareføre pilotprosjekt – Velferdsteknologisk knutepunkt
- Prosjekt DigiFlex inkl prioritering av 2 personar som deltar på studie Digitalisering i helse.
- Prosjekt «Samhandling bustad» mellom sektor teknisk forvaltning og drift, helse og omsorg og oppvekst
- Oppstart av teneste- ROS
- Iverksatt- alle avdelingar i heimetenesta nyttar Mobil Omsorg
- Gjennomført MAP kurs Vald og truslar i fleire tenesteområder (NAV, Forvaltning psykisk helse/rus)
- VIVAT kurs (sjølvmoedsførebbygging/førstehjelp sjølvmoedsfare)
- Arbeidsgruppe Oppgåvedeling sjukeheimsteneste
- Prosess Plan førebyggjande arbeid
- Samarbeidsavtale NAV, psykisk helse og barnevern
- Etablert rutiner for tverrfagleg samhandling busetting og integrering av flyktningar
- Kontinuerleg arbeid med HMS-ros inkl årshjul

Sektor oppvekst

Sektor oppvekst har mellom anna hatt fokus på desse områda knytt til internkontroll:

- Tatt i bruk Framsikt som verksemdsstyring. Verktøyet blir nytta til oppfølging av økonomiplan og månadsrapportering. I tillegg er kommunedelplan og temaplanar utarbeida i Framsikt:
 - Kommunedelplan for oppvekst
 - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar (temaplan)
 - Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune (temaplan)
- Opplæring og systematisk bruk av kommunalt kvalitetssystem (NetPower)
 - Rutinar (utarbeide nye og revidere eksisterande rutinar)
 - Forbettringsframlegg – oppmode om å melde inn framlegg til forbetring og handsame innkomne innspel
 - Avvik og varsel - opplæring og oppmoding om å melde avvik og varsle om kritikkverdige forhold, følgje opp avvik som er meldt
 - Etablert pilot i tenesteområde barnehage – melding og oppfølging av avvik
- Førebudd arbeidet med teneste-ROS
- Gjennomført ROS med omsyn til tryggleik og ansvar for brukarar/besøkjande i helsehuset, i samarbeid med andre leigetakarar i bygget
- Helse, miljø, sikkerheit - Gjennomført medarbeidarundersøkinga 10-faktor og arbeida med oppfølging av resultatet
- Utarbeida rutine/prosedyre for å minimere risiko for at tilsette i barnevernet blir utsett for vald, trugslar og/eller hets
- Ferdigstilt system (retningsline, rutinar, mala, rettleiar) for handtering av vald i skulen
- Arbeida vidare med informasjonstryggleik og sikker handsaming av personopplysningar (DPIA, ROS og Databehandlaravtalar)
- Tatt i bruk Iconfirm for oversyn status DPIA og ROS sektor oppvekst
- Førebudd innføring av Visma hsPro (helsestasjon og jordmortenesta)
- Utarbeida kompetanseplan for sektor oppvekst
- Utarbeida kunnskapsgrunnlag demografi barnehage og skule
- Utarbeida tilstandsrapport for barnevern og skule
- Etablert prosjekt sjukefråvær barnehage, i samarbeid med NAV arbeidslivsenter
- Ferdigstilt fase 1 i prosjektet Universell pedagogikk og førebudd fase 2 (i samarbeid med UiO Senter for spesialpedagogikk)
- Førebudd oppstart av prosjektet Språk, lesing og skriving (i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger)
- Førebudd etablering av team læringsmiljø barnehage og skule (i samarbeid med Læringsmiljøsenderet i Stavanger)
- Førebudd etablering av lokalt tiltak i barnevernet (samvær, miljøteam)
- Førebudd start av kompetanserekkje for leiaropplæring barnehage og skule – i regi av Nordhordland kompetanseregion
- Gjennomføre prosjekt Universell foreldrerettleiing og spreie informasjon om kommunen sine tilbod retta mot målgruppa
- Deltaking i sektorovergripande prosjekt – Alver kommune
- Deltaking i prosjekt Fag- og tenesteutvikling i Helsehuset
- Deltaking i Digi-Vestland samarbeidet
- Ferdigstilt risikovurdering Vigilo barnehage og førebudd oppstart av Vigilo kommunikasjonsdel
- Prøve ut system for kvalitetsoppfølging barnehage og skule
- Tilsyn – deltaking, gjennomføring og oppfølging
 - Meland ungdomsskule (i regi av Statsforvaltaren)
 - Grunnskuleopplæring for vaksne (i regi av Statsforvaltaren)
 - Rett til spesialpedagogisk hjelp i barnehage (i regi av Statsforvaltaren)
 - Private og kommunale barnehagar (i regi av Alver kommune)

- Oppfølging av lovendringar sektor oppvekst
 - Redusert foreldrebetaling barnehage og SFO
 - Krav til kompetanse tilsette i barnevernet

Sektor teknisk forvaltning og drift

Internkontrollarbeidet i 2022 har omhandla følgjande tema:

- Arbeidet med fakturakontroll er vidareført, og har m.a. gitt betre oversikt og kontroll med faktura frå leverandørane. Det er gjort eit større arbeid for å hente inn uregistrerte abonnentar på vatn og avløp, til saman 480 nye abonnent er lagt inn. Saksbehandlingssystem for behandling av tilknytningssaker er gjort klart til å ta i bruk i 2023, dette medfører stor grad av forenkling for både interne og eksterne partar.
- Straumforbruket er redusert så langt det er mogeleg, gjennom streng styring av energibruken i ulike bygg og anlegg. Dette er eit miljøtiltak så vel som innsparingstiltak. Andre miljøtiltak er knytt til grøn profil på bilparken og bruk av kjemikalie generelt.
- Droneteknologien er tatt i bruk for fullt, den hever kvaliteten på vedlikehaldsarbeidet. Det er tatt i bruk robotar for grasklypping og for deler av reinhaldsarbeidet. Behov for og ønske om ulike bygningsmessige tiltak i dei ulike sektorane er samla i felles oversikt, som forenkler planlegging og prioritering innafor tildelte budsjetttrammer.
- Det har vore eit stort fokus på beredskap og sikkerhet for vassforsyninga, tilrettelegging for sivilforsvarets beredskap og tilstanden i tilfluktsromma.
- Arbeidet med å legge inn rutinar i kvalitetssystemet starta for fullt i 2022, det blir slutført i 2023. ROS-analyser på tenestoområda er utsett til 2023 i påvente av ferdigstilling av overordna ROS-arbeid. Arbeidet i sektor-AMU og lokal-AMU har fått eit løft i 2022.

Personal og organisasjon

Årsverk

	Årsverk totalt per sektor	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Årsverk per 2. tertial 2022	Årsverk 31.12.2022	Avvik mellom budsjett og årsslutt	Andel av totale årsverk
2	Administrativ styring, økonomi og HR	91	83	76	72	72	4	4 %
3	Prosjekt	5	1	1	0	1	0	0 %
4	Samfunnsutvikling	99	94	94	83,42	84	10	4 %
5	Helse og omsorg	963	971	970	995	1012	-42	45 %
6	Oppvekst	842	826	815	813	835	-20	38 %
7	Teknisk forvaltning og drift	193	194	198	190	194	4	9 %
	Sum kommunen (sektor 2-7)	2 193	2 169	2 154	2 153	2 198	-44	100 %

Totalt er det brukt 44 årsverk mer per desember 2022 enn budsjettet.

Under administrativ styring, økonomi og HR er det ledig 4,5 stillingar per desember 2022. Dette er knytt til dokumentsenter (3,1 årsverk), innbyggjarservice (1,2 årsverk) og lønn og rekneskapsavdelinga (0,4 årsverk).

Under Samfunnsutvikling framgår det at det er 9,7 ledige stillinger per desember. 9,23 av desse årsverka skuldast ei omgjeri i stillingsstorleik knytt til operativ avdeling Nordhordland brann og redning. Det er ikkje eit reelt mindreforbruk av stillingar.

Under Helse og omsorg nyttar vi per desember 42 årsverk meir enn opprinneleg budsjettet. Dette heng mellom anna saman med at auken per 1. tertial og 2. tertial ikkje er oppdatert i årsverksoversynet. Det har vore utfordrande for tenestene å omgjere auken i vedtaksmengden gjennom året til årsverk. Det vert jobba med ein betre oppfølging av dette i 2023. Samla er det ikkje eit økonomisk meirforbruk under sektor helse og omsorg i 2022.

Under oppvekst er det brukt 19,4 årsverk meir enn budsjettet. 2,4 årsverk gjeld SFO og tilpassing til nytt skuleår. 1 årsverk er knytt til vaksenopplæringa (fleire elevar pga Ukraina), 12,9 årsverk innan skule. Det har vore auka behov ved fleire skular knytt til klasse miljø og trong for mindre grupper. Det er nytta 4,4 årsverk meir i barnehage knytt til auka vedtaksmengde for spesialpedagogisk hjelp til barnehageborn. 0,7 årsverk er auka i spes.ped teamet, resten er auka assistentressurs i barnehagane. Under barnevern er det nytta 4 årsverk mindre enn budsjett på grunn av avvikling av bufellesskapet til enslige mindreårige flyktningar. I helsestasjonstenesta er det nytta 3 årsverk meir. Av dette er 2 årsverk knytt til Migrasjonshelseteamet og 1 årsverk er vikar ført mot fastlønn.

Under teknisk forvaltning og drift er det eit samla mindreforbruk på 3,5 årsverk. Stillingane er fordelt på heile sektoren, og per dd. er den ledige stillinga som prosjektsjef besatt.

Likestilling

Likestilling og tiltak mot diskriminering

Arbeidsgjevar skal aktivt, systematisk, målretta og planmessig fremme likestilling og hindre diskriminering i arbeidskvardagen. I Alver kommune er det sett i verk enkelttiltak for å fremme likestilling og forebygge diskriminering, men det er behov for ei systematisk og kunnskapsbasert gjennomgang av risiko og vurdering av målretta tiltak. Det vert derfor sett ned ei partssamansett gruppe som skal jobbe med kartlegging av risiko og tiltak i 2023.

I Alver kommune utgjør kvinner 81 % av alle tilsette i 2022. Om lag 53 % av alle tilsette jobbar heiltid, jf. PAI-statistikk, -det er ei auke frå 50 % i 2020 og i samsvar med trenden på landsbasis. Omlag 52 % av alle kvinneleg tilsette og 59 % av menn jobbar heiltid. Gjennomsnittleg stillingsstørrelse i kommunen er 80 % i 2022.

Vi finn flest deltidstilsette i Helse og omsorgssektoren. Undersøking gjennomført blant deltidstilsette i helse og omsorg i 2022 viser at om lag 1/3 av dei som svarte oppgav ufrivillig deltid. Det er etablert eit «helitidskulturprosjekt» med ei partsamansett prosjektgruppe som arbeider for å auke andel heiltid og auke gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen. Så langt har prosjektet levert eit godt kunnskapsgrunnlag om status i kommunen, og korleis vi kan jobbe målretta for å auke andel heiltid og stillingsstorleik.

Intern kartlegging i 2022 viser at det er fleire kvinneleg tilsette som er midlertidig tilsett enn menn, men at fordelinga målt i prosent av kjønn er relativt lik. Statistikken er drøfta med hovudtillitsvalte med fokus på kor i organisasjonen vi finn midlertidige tilsettingar og kva som er bakgrunnen for desse. Rutinar for tilsettingsprosessar ol. er lett tilgjengeleg i det nye kvalitetssystemet, og skal t.d.. sikre lik praktisering av tilsettingsprosessar, sjukefråværsoppfølging mm i tråd med lov og avtaleverk.

Lokal lønnskartlegging i 2022 viser at kvinneløn i gjennomsnitt er 96,69 % av lønna for menn, heile kommunen sett under eitt. Det er forskjellar mellom dei ulike kapitla og stillingsgruppene, der lønsskilnaden er størst mellom mann og kvinne i kapittel 3 (leiarar) og minst i kap. 4, der lønna i hovudsak er sentralt avtalt og der vi finn den største delen av lønnsmassa. Sjølv om det er forskjellar i løn mellom kvinner og menn som utfører likt arbeid eller arbeid av lik verdi, kan lønnsforskjellene være lovlege, dvs. saklege og nødvendige. Skilnad kan skuldast t.d. ansiennitet, særskilte kvalifikasjonar og andre argument knytt til rekrutteringssituasjon og lønnshistorikk. Det som er avgjerande er at arbeidsgjevar har eit bevisst forhold til slike skilnadar.

Inkluderande arbeidsgjevarpolitikk med fokus på livsfasepolitikk, fleksitidsordning og årsturnus, er tiltak som skal legge til rette for ei god kombinasjon av arbeidsliv og familieliv for begge kjønn, i ulike fasar av arbeidslivet. Leiarkompetanse og rutinar for «tilsetting frå A til Å» bidreg til kunnskap og medvitenhet mtp. både likestilling og heiltidsproblematikk, men det er kontinuerleg behov for tiltak som styrkar slik kompetanse.

Det pågår også anna arbeid i sektorane for å sikre likestilling og hindre diskriminering. Kommunikasjonsavdelinga har t.d. arbeidd aktivt med universell utforming for innbyggjarportalen og andre kommunikasjonsplattformer, og har eit bevisst forhold til tiltak for å nå ut med informasjon til innbyggjarar med ulike behov. Medviten bruk av språk, bilete, symbol, samt særskilt opplæring av «Kommune-Kari» på innbyggjarportalen er døme på slike tiltak. Flaggreglementet er Alver styrande for Alver kommunes flagging på og ved kommunale bygg, anlegg og andre eigedomar, med både sameflagg, FN-flagg og regnbogeflagg.


Etikk

Kommunestyret i Alver vedtok hausten 2020 «Politisk styringsstruktur og reglement». Dette dokumentet inkluderer mellom anna etisk reglement, og er gjeldande for politikarane i Alver og dei tilsette. Det er arbeidd med politisk styringsstruktur og reglement i 2022 og oppdatert reglement vert vedteke i kommunestyret våren 2023.

Kommunens innkjøpsreglement gjev føringar for korleis kommunen skal gjere sine innkjøp og hindre at tilsette skal kome i rolle som leverandør (seljar) til kommunen. Reglementet skal sikre at tilsette ikkje kjem i ein situasjon der det er utydeleg kva rolle ein har, og motverke at vi som tilsette skal ha blanda eller motstridande interesser.

Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær i Alver kommune i 2022 var på 10,3 %, ein liten nedgang frå året før. Det er ein auke i eigenmeldt fråvær i 2022.



Gjennom året har det vore høgt sjukefråvær innanfor helse- og omsorgssektoren, men også innenfor oppvekst, t.d. barnehage og barnevern.

På overordna nivå er det gjennomført opplæring, både med omsyn til å forebygge sjukefråvær og å følgje opp sjukefråvær, og sjukefråvær er regelmessig tema i Administrasjonsutvalet, leiargrupper og AMU alle nivå. Partssamarbeidet er særskild viktig i arbeidet med å forebygge sjukefråvær, og det er gjennomført både HMS-grunnopplæring for leiarar og verneombod og eigne verneombodssamlingar. Det har vore fokus på å få etablert lokal-AMU (L-AMU) på avdelingane for å etablere arena for partssamarbeid og utviklingsarbeid lokalt.

Våren 2022 vart 10-faktorundersøkinga gjennomført i Alver kommune. Undersøkinga hadde ein svarprosent på ca. 71 %. 10-faktor er ei forskningsbasert medarbeiderundersøking og eit leiarutviklingsverktøy som gir status på ti faktorar som er viktig for å utvikle godt arbeidsmiljø. Alver kommune ligg like under, men skil seg

ikkje vesentleg frå snittet for Noreg og resultata i dei tre tidlegare kommunane. Det er lagt opp til eit felles og systematisk utviklingsarbeid fram til neste undersøking i 2024.

På sektornivå har fleire avdelingar gjennomført sjukefråværsprosjekt og nytta såkalla “bransjeprogram”, som er verktøy særskilt tilpassa utfordringane innanfor aktuelle tenester, t.d. sjukeheim, heimeteneste og barnehage. NAV arbeidslivssenter har hatt ei sentral rolle som prosessretteiar i desse prosjekta. Det har også pågått prosjektarbeid for å få på plass overordna retningslinje for å forebygge og følgje opp vald og truslar på arbeidsplassen, og heiltidskulturprosjektet starta hausten 2022.

Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling – forhold som har økonomisk betydning for kommunen

Alver kommune har midlar plassert i bank, fond (kortsiktig), og langsiktig plassert 100 mill. kr i samsvar med finansreglementet. Alver kommune er utsett for risiko knytt til rentenedgang på innskot og lågare avkastning på fond. I tillegg er det knytt risiko til dei langsiktige plasserte midlane i forhold til verdireduksjon og lågare avkastning. For å kunne handtere denne risikoen på kort sikt, har kommunestyret vedtatt å opprette eit fond «Fond for lågare avkastning» på 20 mill. kr.

Den største risikoeksponeringa Alver kommune er utsett for, er renteauke på lånegjelda, endringar i eigedomsskatt, og omfanget av kompensasjonen som skal dekke bortfall av eigedomsskatt på tidligere verk og bruk etter endringane i eigedomsskattelova.

Alver kommune har ein høg lånegjeld, og ved utgangen av 2022 var lånegjelda på 3 626 mill. kr. Renta var låg i store deler av 2021, med ei viss auke mot slutten av året. I 2022 fortsatt det med ei stor renteauke. Vekta gjennomsnittleg lånerente på gjeldsportefølgjen per 31.12.2022 er på 2,84%. Tilsvarande rente per 31.12.2021 var 1,01%. Kommunen sin lånerente er altså nær 3-dobla på eitt år. Renta har steget betydeleg raskare enn rekna med. I fjorårets årsmelding viste prognosar at kommunen si rente ville stige til om lag 3,0 % ved utgangen av 2023.

Det er venta at renta vil stige ytterlegare framover. I økonomiplanen for 2023-2026 har kommunen lagt til grunn ein gjennomsnittleg rentesats på kommunen sine lån på 3,27%. Etter utarbeiding av denne økonomiplanen har forventade rentenivå auka noko, slik at vi kan rekne med enda noko høgare rente i år og i åra framover. Det er og stor usikkerhet i rentemarknaden, og det er difor svært vanskeleg å lage gode prognosar for utviklinga vidare framover. I pengepolitisk rapport nr 1/2023 publisert 23. mars 2023 signaliserte Norges Bank ein auke i styringsrenta til 3,25% innan utgangen av 2023 og 3,5% i 2024 før vi ein gradvis reduksjon i 2025 og 2026. Alver kommune sin låneportefølje har ein gjennomsnittrente som ligg om lag 0,5% over styringsrenta.

Vi kan såleis vente eit rentenivå for Alver kommune i 2023 som ligg om lag 1,0% høgare enn nivået i 2022 og noko over budsjett for 2023. Ein renteauke på 1% utgjer om lag 22 mill. kr per år i auka netto renteutgifter. Utrekninga er basert på tal for netto renteberande gjeld, ekskl. renter på investeringar innan VA-området. For å finansiere ein renteauke på 1% må Alver kommune redusere driftsnivået med tilsvarande beløp, noko som utgjer om lag 30 årsverk.

I 2022 er det motteke utbytte frå Eviny (tidlegare BKK) på 31,6 mill. kr. Ein må vere merksam på at det kan skje endringar i selskapa Alver kommune er medeigarar i, noko som gjer at nivået på utbytte kan verte redusert.

I 2022 har Alver kommune inntekter på 107 mill. kr frå eigedomsskatt på verk og bruk. I tillegg fekk Alver kommune som del av det ordinære rammetilskotet 70,7 mill. kr i kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

Inntektene frå eigedomsskatt er nytta til å finansiere drifta i Alver kommune. Stortinget vedtok i 2018 at dei tidlegare reglane for eigedomsskatt på verk og bruk skulle opphøre frå 01.01.2019. Skatten vert så trappa ned med 1/7 del per år i 7 år, og utgår dermed heilt frå 2025. Det er samstundes vedteke overgangsreglar for å kompensere dei kommunane som får inntektsbortfall som følgje av at eigedomsskatten for vert og bruk vert fasa ut. I vedtaket om kompensasjonsordninga som del av statsbudsjettet for 2019, var det forutsett at kommunane skulle få tilnærma full kompensasjon for inntektsbortfallet, med ei årleg auke tilsvarande nedtrappinga av eigedomsskatten for verk og bruk. I Statsbudsjettet for 2020 og særleg i 2021 er kompensasjonsordninga svekka med innføring av bunnfrådrag. Alver kommune sin forventta kompensasjon i 2025 er dermed redusert med mellom 10 og 20 mill. kr i forhold til intensjonen ved innføring av ordninga i 2019. Denne type inntekter og kompensasjon for tidligere eigedomsskatt kan ikkje reknast som langvarige sikre inntekter, då det kan skje ytterlegare endringar i regelverket som regulerer adgangen til eigedomsskatt og endringar både i kompensasjonsmodell og varigheit. Regjeringa har ikkje tatt stilling til kva som vil skje med kompensasjonsordninga etter 2025, og Alver kommune må ta denne usikkerheita inn i framtidig økonomisk planlegging.

Statsforvaltaren skriv i brev av 24.03.22 følgende om kompensasjonsordninga: "Eigedomsskatteinntektene frå Mongstad-anlegget blir gradvis reduserte i sju år frå og med 2019 som følgje av endringa i regelverket for eigedomsskatt. Det er frå og med 2019 gitt statleg kompensasjon for ein stor del av denne inntektsreduksjonen. Kommunen er i ei særstilling med omsyn til denne kompensasjonen. Av den samla statlege kompensasjonen til kommunane i landet i år på kr 205,8 mill., får Alver kommune i overkant av ein tredel av dette. Kommunen er difor økonomisk sårbar for eit framtidig bortfall av kompensasjonen. Kommunen bør vere førebudd på eit slikt inntektsbortfall etter den nemnde nedtrappingsperioden for eigedomsskatt.

Eit eventuelt bortfall av denne kompensasjonen vil bli omfatta av overgangsordninga INGAR slik at inntektsreduksjonen vil kome gradvis over nokre år".

Det er svært viktig at Alver kommune har avsett midlar på disposisjonsfond til å dekkje ein endring i inngangen på eigedomsskatt eller endring i nivået vi får kompensert, då ein endring på dette området vil få betydelege konsekvensar for Alver kommune.

Vidare er det naudsynt at det er sett av midlar på disposisjonsfond til å kunne dekkje ei uventa renteendring. Det er i økonomiplanperioden budsjetttert med ei renteutvikling basert på eit estimat frå Kommunalbanken og kommunen sin gjeldsrådgjevar Bergen Capital Management. Desse estimata er utarbeida basert på informasjon frå Norges Bank og SSB sine forventningar om utviklinga i marknadsrentene. Det er rekna med at kortsiktige sertifikatlån vert refinansiert til marknadsvilkår på refinansieringstidspunktet.

I samsvar med kommuneloven § 14-7, punkt a skal det i årsberetningen «gis opplysningar om forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretar den økonomiske handleevnen over tid». På bakgrunn av dette kravet er det naturleg at demografiutviklinga i kommunen omtalast.

Befolkningsprognosene syner ein tydelig utvikling i dei kommande åra, der det vil verte færre born i skule og barnehage og fleire innbyggjarar som vil ha trong for helse og omsorgstenester. Det er i den økonomiske planlegginga lagt inn ein auke innan helse og omsorgstenester og ein reduksjon i rammene til skule og barnehage sektoren. Det er avgjernade at det vert gjort strategiske val for å handtere reduksjonen i barnetal i deis komande åra. Arbeidet er planlagt gjennomført gjennom skule og barnehagebruksplan, der kommunestyret gjennom planarbeidet skal ta stilling til framtidig skule og barnehagestruktur for å handtere dei økonomiske utfordringene.

Finansrapport

Grunnlaget for rapportering av finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen

Grunnlaget for kommunen sin finansforvaltning har hjemmel i kommunelova med forskrifter og Kommunaldepartementet sin vegleiar til forskrifta publisert 20. mai 2020.

Kommunelova § 14-1 tredje ledd seier at:

«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»

I § 14-13 står det så lista opp lovkrava knytt til kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning. Desse er:

- *Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen i å ta vesentlig finansiell risiko og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*
- *Dersom det avdekkes avvik frå finansreglementet, skal det iverksettes nødvendige tiltak.*
- *Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, i tillegg til rapport ved utgangen av året som viser status og utviklingen gjennom året.*
- *For kommunen inngår avtaler, skal den dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikke innebærer vesentlig finansiell risiko i strid med § 14-1 tredje ledd.*

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner av 18.11.2019 gjeldende frå 01.01.2020 inneholder:

- *§ 6. Krav til innholdet i finansreglementet*
- *§ 7. Krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutine for finans- og gjeldsforvaltningen*
- *§ 8. Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget*

Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret skal innehalde ei beskriving og vurdering av kommunen sin finansielle risiko og avkastning, holdt saman med måla og krava i finansreglementet. Rapportane skal også innehalde ein beskriving og vurdering av eventuelle vesentlege endringar i marknaden og i kommunens finansielle risiko. Rapportane skal også opplyse om eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, og korleis avvika er handtert.

Rapportane skal:

1. vise korleis dei finansielle midlane er sett saman og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av midlar.
2. vise korleis dei finansielle forpliktingane er sett saman og verdien av dei, både samla og for kvar gruppe av forpliktingar.
3. opplyse om dei finansielle forpliktingane si løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader.
4. opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunens eigne rentevilkår.
5. opplyse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om.

Basert på føresegnene i den nye kommunelova og den nye forskrifta gjeldande frå 1. januar 2020 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020 publisert ein vegleiar til finansforskrifta.

Vegleiaren definerer finansielle midlar slik at desse ikkje omfamnar investeringar i selskap der kommunens eigarskap har eit breiare samfunnsmessig formål eller kor kommunen har skilt ut verksemd i egne selskap. Det vil seie at det ikkje er krav om at finansreglementet skal innehalde regler for slike engasjement og forvaltninga av eigarskapet til slike aksjar og andeler. Det er såleis heller ikkje grunnlag for at finansrapporten skal kommentere denne type investeringar.

Alver kommune oppdaterte sitt finansreglementet er oppdatert med krav etter nye forskrifter, og vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020.

Vurdering av finansiell risiko og avkastning av likvide midlar

Alver kommune sin finansielle risiko vert vurdert som lav både når det gjelder forvaltning av midlar og forvaltning av gjeld. Kommunen har god likviditet, og har per 31.12.2022 783 mill. kr som finansielle midlar plassert innanfor det som skal rapporterast som del av finansforvaltninga. Av dette er 601 mill. kr eller 77 % bankinnskot, 65 mill. kr er kortsiktig plassering i fond, og 117 mill. kr er langsiktig plassering av midlar berekna for driftsføremål.

Midlar regulert i finansreglementet (1000 kr)	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring i 2021	Andel av total 31.12.2022
Kasse og bankinnskot	682 345	601 269	- 81 076	77 %
Verdipapirfond	63 696	64 882	1 186	8 %
Sum kortsiktig plassering	746 041	666 151	- 79 890	85 %
Midlar til driftsformål plassert langsiktig	120 855	117 109	- 3 746	15 %
Sum midlar berekna for driftsføremål	866 896	783 260	- 83 636	100 %

Kortsiktig forvaltning

Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar

I samsvar med finansreglementet av 29. oktober 2020 kap. 6 har Alver følgjande plasseringsalternativ knytt til forvaltning av ledig likviditet knytt til driftsformål:

- Innskot i bank
- Andelar i pengemarknadsfond

I løpet av året 2022 og per 31.12.2022 har Alver kommune midlar plassert i bank og har andelar i pengemarknadsfond.

Bankinnskot

Tabellen viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plassert i bank. Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik i løpet av 2022:

Kasse, bankinnskot (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring i 2022
Kasse	92	88	- 4
Bankinnskot	682 253	601 181	- 81 072
Sum	682 345	601 269	- 81 076

Andre plasseringar

Plassering av ledig likviditet berekna til driftsformål (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring i 2022
Aksjar og andelar			
Sertifikat			
Verdipapir	63 696	64 882	1 186
Sum	63 696	64 882	1 186

Midlane er plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort likviditet II.

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

Bankinnskot

Samla er det i 2022 bokført 18,6 mill. kr i renteinntekter frå bankinnskot. Alver kommune sin gjennomsnittlege rentesats på innskot i 2022 har vore 2,90 %, mot 1,03% i 2021. Dette er summen av gjennomsnittleg 3 mnd. NIBOR i 2022 og det avtalte påslaget i kommunen sin gjeldande bankavtale med SR Bank. Ved årets utgang 31.12.2022 er sum av 3 mnd NIBOR og påslag på 3,82%, opp frå 1,51% per 31.12.2021.

Pengemarknadsfond

Alver kommune har per 31.12.2022 plassert 64,9 mill. kr i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet II.


Informasjon om fondet:

«PLUSS Kort Likviditet II er klassifisert som et likviditetsfond med lav risiko og investerer kun i sertifikater og obligasjoner med kort løpetid, hovedsakelig utstedt av norske sparebanker. Fondet har lav kredittrisiko og risikovekt 20%. Porteføljens rentefølsomhet skal ikke overstige 0,5 år og vektet gjennomsnittlig løpetid kan maksimalt være 1 år. Fondet har veldiversifiserte porteføljer og benytter også bankinnskudd som en viktig

brikke i forvaltningen. PLUSS Kort Likviditet II er et UCITS-fond, og kan kun investere i Investment Grade papirer i tråd med Verdipapirfondenes Forenings bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.»

Avkastning på fondet var i 2022 kr 1,2 mill. som inneber ei gjennomsnittleg avkastning i 2022 på midlane på 1,85%, etter at det er korrigert for forvaltningshonorar. Dette er litt lågare rente enn kommunen har på bankinnskota i løpet av 2022, og skuldast effekten renteendringa har på obligasjonar når rentene aukar, slik den har gjort i løpet av 2022.

Historisk avkastning på Pluss likviditet II:



Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom Alver kommune sitt finansreglement og faktisk forvaltning i 2022

Langsiktig forvaltning

Kommunen har langsiktig forvaltning av midlar berekna for driftsformål.

Plassering i DnB Asset Management.

I oktober 2018 plasserte Alver kommune 100 mill. kr i finansmarknaden i samsvar med vedtak i kommunestyret. DNB Asset Management ble vald leverandør, og midlane ble plassert oktober 2018. Det ble vald en plassering med lav/ moderat risikoprofil, i samsvar med finansreglementet for den gang Lindås kommune. Plasseringa er i samsvar med finansreglementet for Alver kommune.

Aktiva	Minimum	Normal	Maksimum
Eigenkapitalbevis i norske sparebankar og aksjar	0%	25%	35%
Obligasjonar	0%	0%	70%
Sertifikat	0%	0%	70%
Rentefond	0%	75%	100%
Bankinnskot	0%	0%	100%

Oversyn over plasserte midlar og endring i marknadsvardi:


Utvikling i marknadsvardi og avkastning	Verdi
Innbetalt kapital	100 000
Verdi per 31.12.2021	120 855
Verdi per 31.12.2022	117 109
Endring 2022	- 3 746


Oversikt over faktisk forvalta kapital og avkastninga:

Portefølje (tal i 1000 kr)	Markedsverdi per 31.12.21	Markedsverdi per 31.12.22	Vekt per 31.12.22	Avkastning 2022	Prosent avkastning
Bankkonto for belastning av honorar	359	351	0,30 %	5	1,34 %
Renteberande papir	88 401	90 814	77,56 %	-1 398	-1,65 %
Aksjar	32 094	25 944	22,15 %	-2 353	-7,63 %
Totalt Forvalta Kapital	120 855	117 109	100,00 %	-3 746	-3,18 %

Når det gjeld renteberande papir i oversynet over, vil grensene for rentefond i finansreglementet gjelde, då midlane er plassert i fonda DNB Obligasjon E og DNB Likviditet D. Begge desse er fond og det er derfor ikkje ein direkteinvestering i enkeltobligasjon. Alver kommune har ingen direkte investeringar i enkeltobligasjonar gjennom DNB Asset Management.

Avkastninga opp mot referanseindeks er vist nedanfor for dei siste 12 mnd:





Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Forvaltning av gjeldsportefølje

Opptak av nye lån i 2022

Det er i 2022 teke opp lån på 140 mill. kr til vidare utlån (formidlingslån/ startlån) gjennom Husbanken, og det er teke opp lån til kommunale investeringar (inkl. Vatn-og avløp) på kr 100,5 mill. I tillegg er det gjort refinansieringar av diverse lån. Det er i løpet av året betalt avdrag med til saman 119 mill. kr. Av dette er 90,3 mill. kr avdrag på lån til generelle investeringar og VA, og 28,7 mill. kr. er avdrag på formidlingslån.

I tillegg til opptak av nye lån er det totalt teke opp nye lån i året på kr 1.551 mill. kr til refinansiering av eksisterande lån. Dette inkluderer kortsiktige sertifikatlån på 3, 6 eller 9 månader som det kan vere trong for å refinansiere fleire gangar i året.

Samansetjing og verdi av låneporteføljen

Summen av alle låna hos dei einskilde bankane, fordelt på formidlingslån/startlån og andre lån:

Fordeling av langsiktig gjeld per kreditor: (tal i 1000 kr)	gjeld per 31.12.2021	gjeld per 31.12.2022	Endring i 2022
Lån i bank:			
Husbanken	532 087	641 925	109 838
KLP kommunekreditt	73 960	70 910	- 3 050
Kommunalbanken	1 378 438	1 212 912	- 165 526
Anna gjeld til kredittinstitusjonar		234	234
Verdipapirlån:			
Danske Bank	349 000	349 000	0
DnB Markets	340 500	0	- 340 500
Sparebank1 Markets	130 000	0	- 130 000
Swedbank	255 264	255 264	
SEB Markets	445 000	1 095 500	650 500
Kommunens samla lånegjeld	3 504 249	3 625 745	121 496
Endring - opptak av nye lån:			240 550
Endring - betalte avdrag i år:			119 054

Alver kommune sin låneportefølje har ein vekta gjennomsnittrente på 2,84% per 31.12.2022. Dette er ein auke frå tilsvarende tal på 1,04% per 31.12.2021. Gjennomsnittleg rentebindingstid på gjeldsporteføljen er 0,60 år per 31.12.2022. Tilsvarende tal per per 31.12.2021 var 0,82 år. Låneporteføljen har ein gjennomsnittleg kapitalbindingstid på 4,90 år. Sjå vedlagte gjeldsrapport per 31.12.2022 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM) for meir detaljert informasjon om kommunen sin gjeldsportefølje.

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

I Kommunalbanken var den flytande PT-renta per 31.12.2022 på 3,95%. Kommunen sin gjennomsnittrente er såleis 1,11% lågare enn dette.

Faktisk forvaltning i forhold til rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål er som nemnt ovanfor utelukkande plasserte i norske bankar, eller i pengemarknadsfond som kun plasserer i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån. Gjelda til Alver kommune er utelukkande tatt opp i norske banker, Husbanken og Kommunalbanken, samt noterte obligasjonslån og sertifikatlån.

Ser ein desse to gruppene i samanheng er derfor renterisikoen låg. Aukar p.t. renta for gjelda, vil vi også få høgare renteinntekt for dei plasserte midlane som dekker opp for noko av renteauken.


Alver kommune er utsett for låg finansiell risiko når det gjeld midlar berekna til driftsformål. I 2017 var det ein endring i samansetninga då Lindås kommune per august 2017 plasserte 60 000 000 kr i pengemarknadsfondet Pluss Likviditet II. Fondet har låg risiko. Det har ikkje vore endringar i plasserte beløp i 2022.

PLUSS Likviditet II er et alternativ til bankinnskott og anna plassering av overskotslikviditet for andelseigarar som plasserer store beløp i pengemarknaden. Fondets stabile avkastning gjer det spesielt anvendeleg for plassering av kortsiktig likviditet. Fondet har 50 mill. kr som minimumsinnskott. Fondet har en lav risikoprofil, og stiller meget strenge krav til soliditeten i dei aktuelle plasseringsobjekt, og tilfredsstiller Finanstilsynets regler om 20 prosents kapitalvekting for pensjonskasser. Fondet plasserer dermed kun i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån.

Pengemarknadsfondet plasserer pt. kun i verdipapir utstedt av bank og bankinnskott. Porteføljens rentefølsemd skal ikkje overstige 0,5 år. Endringar i rentenivået har derfor liten effekt på kursutviklinga. Avkastninga i fondet vil kunne variere noko frå dag til dag, men vil over tid følge svingingane i pengemarknadsrenta. Det er ingen gebyr ved teikning eller innløysing av andelar. Andelseigarar kan dermed flytte sine midlar raskt og kostnadsfritt mellom de renteberande fonda. Det går normalt to virkedagar for å realisere pengane i fondet.


Risikovurderingar langsiktig finansforvaltning

Jmfr. finansreglementet til Alver kommune skal finansrapporten vise risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. Kommunen sin strategi ved forvaltninga av langsiktig plasserte midlar er:




Årleg historisk avkastning for ei tilsvarande portefølje har frå 1990 og fram til utgongen av 2022 vore på 6,2%, med eit årleg berekna standardavvik på 5,2%.

Akkumulert utvikling til og med 2022 kan skisserast som i følgjande graf, og årleg avkastning i grafen under.




Figuren under viser forventa avkastning ved stabil, sterk og svak utvikling. Sannsynlegheit for at avkastninga blir innanfor utfallsrommet er 95%.

Årsmelding 2022 – Alver kommune





Basert på dette har porteføljen ei årleg forventa avkastning på 4,1% med eit årleg forventa standardavvik på 4,4%. Dette gjev følgjande graf for forventa utvikling i porteføljen, med mogeleg utfallsrom. Noverande strategi er i figuren lik foreslått strategi, og følgjer same linje.




Ser vi på dei ulike typar investeringsobjekt, har vi følgjande vurdering av historisk utvikling samanlikna med forventa avkastning. Noverande og foreslått strategi er basert på fordelinga mellom investeringsalternativa:


- Pengemarknad: 30%
- Renter: 45%
- Aksjar: 25%



I åra 1990 – 2022 viser figurane under den dårlegaste rullerande avkastning (periodeavkastninga) over rullerande periodar på 1, 3, 5 år. Noverande og foreslått strategi er den same, difor likt nivå.





Svakeste periodeavkastning




Figuren over oppsummerer resultata i grafane over rullerande avkastning. Over ein ettårsperiode omkring 2008 var avkastninga over eitt år på minus 6%. I 2022 har vi også negativ avkastning, men ikkje så mye som i 2008. I same periode rundt 2008 var avkastninga over ein periode på 3 år 0%. Avkastninga etter ein nedgangsperiode har imidlertid vore god, og dermed er minst avkastning i ein 5-årsperiode på 12%. Den

rullerande 5-års avkastninga har vore over 20% stort sett i heile perioden unntatt i 3 korte periodar omkring 2008, i 2011-2012, og i 2019-2022.

Berekning av fall frå topp til botn i ein nedgangssperiode viser at denne frå 1990 til 2021 maksimalt har vore på 7%. Fallet i 2022 er mindre enn fallet i 2002 og 2008.



Gjeninnhentinga har vore rask, og er i gjennomsnitt på 0,6 år eller maksimalt 1,7 år i perioden. Nedsiderisiko er oppsummert i figuren under, som viser forventa tap i eit av 20, 10 eller 5 år. Kommunen vurderer dette som akseptabel risiko.



Risikovurderingar gjeldsforvaltning

Tabellen under viser at kommunen sin gjeldsforvaltning er i trå med alle vilkår i kommunen sitt finansreglement.

Krav i gjeldende reglement	Status
Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK
Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.	OK
Låneopptak skal søkast gjennomført til marknads gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).	OK
Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til ei kvar tid være over 4 år.	OK
Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 3 år.	OK
Låneporteføljen skal bestå av færrast mogeleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa.	OK
Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje.	OK

Vedlegg - gjeldsrapport fra kommunen sin rådgjear innan gjeldsforvaltning

Vedlagte link viser gjeldsrapport per 31.12.2022 utarbeidd av kommunen sin rådgjear innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management.

Kommunens sektorer

Politisk styring

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	36 064	47 001	41 509	-5 492	-13,2 %

Kommentar til status økonomi

Under sektor politisk styring er det samla eit meirforbruk på 5,5 mill. kr i 2022.

Av det totale meirforbruket er 2,4 mill. kr advokatutgifter i rettsaka mellom Alver kommune og Equinor knytt til eigedomsskatt. Alver kommune vann saka i lagmannsretten og fekk tilkjent saksomkostningar. Equinor anka dommen til høgsterett og det er dermed ikkje avklart om kommunen får dekka advokatutgiftene før saka er endeleg.

Kontrollutvalet har eit merforbruk på 1 mill. kr sjamanlikna med budsjett. Dette skuldast at kommunestyret ikke finansierte løyvinga på 1 mill. kr knytt granskingsaka i kontrollutvalget i vedtaket som vart fatta.

Av det totale merforbruket er 2,5 mill. kr knytt til høgere utgifter for breibansutbygginga.

Det er ellers mindreforbruk knytt til renter og avdrag for lånet til Knarvik kyrkje på 0,2 mill. kr og 0,2 mill. kr knytt til lønnsområdet.

Administrativ styring, økonomi og HR

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
200-Toppleiargruppa	17 413	18 533	19 972	1 439	7,2 %
201-Kommunehelse	3 655	3 786	3 190	-596	-18,7 %
210-HR og utvikling	66 699	72 045	73 499	1 453	2,0 %
220-Økonomi	15 755	15 739	15 890	151	1,0 %
Sum	103 521	110 103	112 551	2 448	2,2 %

Kommentar til status økonomi

Under sektor administrativ styring, HR og økonomi er det totalt eit mindreforbruk på 2,5 mill. kr i 2022.

Samla er det eit mindreforbruk under toppleiargruppa og kommunehelse på 0,9 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til at avsett lønnsauke for heile organisasjonen vart lågare enn budsjett.

Under tjenestekområde HR og utvikling er det eit mindreforbruk på 1,5 mill. kr. Mindreforbruket skuldast 0,2 mill. kr i lågare utgifter til bedriftshelsetenesta, 0,2 mill. kr i mindreforbruk på HR avdelinga, 0,6 mill. kr i mindreforbruk på dokumentsenteret både grunna lågare lønnsutgifter og lågare utgifter for Interkommunalt arkiv. På kundesenteret var det eit mindreforbruk knytt til varer og tjenester.

Tenestekområde økonomi hadde eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr.

Prosjekt

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestekområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 153	1 121	1 398	277	19,8 %

Kommentar til status økonomi

Under sektor prosjekt er det eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr i 2022. Mindreforbruket heng saman med at ny innkjøpssjef starta i august 2022, og at det dermed har vore lågare aktivitet knytt til opplæring og bistand retta både mot lokalt næringsliv og internt i organisasjonen enn opprinnelig planlagt.

Samfunnsutvikling

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestekområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
400-Samfunnsutvikling stab	8 438	9 045	8 617	-428	-5,0 %
410-Plan og analyse	8 236	8 977	8 929	-47	-0,5 %
420-Kultur	40 978	41 398	42 857	1 459	3,4 %
440-Brann og redning	27 580	28 643	31 712	3 069	9,7 %
Sum	85 232	88 062	92 115	4 053	4,4 %

Kommentar til status økonomi

Samfunnsutvikling hadde eit mindreforbruk samla på 4 mill. kr. i 2022.

Stab samfunnsutvikling har eit meirforbruk 0,4 mill. kr. i 2022. Dette skuldast kostnad til kompetanseprosjektet Mongstad fase 2. Kommunen får kr 400.000 i tilskot, som blir utbetalt i 2023.

Plan og analyse er i balanse for 2022.

Kultur har eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr. i 2022. Tenestekområdet har høgare inntekter enn budsjettert samt eit mindreforbruk på kjøp av varer og tenester som følgje av vedtak om innkjøpsstopp i slutten av året. Utsett trong for naudsynt innkjøp av utstyr grunna innkjøpsstopp i 2022 vert tatt med i 1. tertialrapport 2023.

Brann og redning har eit samla mindreforbruk på 3 mill. kr. i 2022. Sjølvkost for feiing er inkludert i tala og bidreg med eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr. Mindreforbruket på feiing har samanheng med at kostnader for

indirekte kostnader og renter og avskrivningar er ført andre stader i kommunerekneskapen.

Brannforebyggjande avdeling har eit mindreforbruk som er knytt til vakant stilling. Nordhordland brann og redning har eit mindreforbruk på 2,1 mill. kr. Det har i 2022 vore færre oppdrag og mindre store oppdrag som føre til eit mindreforbruk på lønn saman med høgare refusjonsinntekter på sjukeløn enn vikarutgiftene. I tillegg har betaling frå dei andre kommunane vore høgare enn budsjetttert på grunn av auka kostnadsramme i løpet av året. Nordhordland brann og redning har og eit mindreforbruk på kjøp av varer og tenester som følgje av vedtak om innkjøpsstopp som kom dei siste månadene i 2022. Desse innkjøpa blei utsett og auka trong for utstyr og verneklede må vurderast i 1. tertialrapport 2023

Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
500-Helse og omsorg stab	27 822	41 394	40 380	-1 014	-2,5 %
510-Sjukeheimar	165 336	202 672	198 243	-4 429	-2,2 %
520-Heimetenester	199 649	219 070	211 879	-7 190	-3,4 %
530-Habiliteringstenester	169 529	180 033	181 845	1 812	1,0 %
540-Psykisk helse og rus	44 113	50 345	51 909	1 564	3,0 %
550-Lege- og rehabiliteringsteneste	81 482	80 890	82 433	1 543	1,9 %
560-NAV	65 052	81 639	88 995	7 356	8,3 %
Sum	752 983	856 043	855 685	-358	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg hadde eit samla meirforbruk på 0,4 mill. kr i 2022, av ein netto kostnadsramme på 855,7 mill. kr.

Meirforbruk innan Heimeteneste og Sjukeheimar er hovudsakleg knytta til vikarkostnader. Høgt sjukefråver og vakante stillingar kombinert med krevjande aktivitetsnivå har medført mykje innleige frå vikarbyrå. Samla meirforbruk på budsjettposten for vikarkjøp er 18,8 mill kr. Dette er delvis dekkja opp av vakante stillingar og sjukepengerefusjonar. Meirinntekter frå brukarbetaling er med på å redusere det samla meirforbruket til 11,6 mill kr.

Habiliteringstenesta endar med eit mindreforbruk på 1,8 mill kr i 2022. Tenesteområdet har kostnader på 9,9 mill kr over budsjett. Dette skuldast i hovudsak auka tenestebehov og stort sjukefråvær. Auka kostnader er i stor grad kompensert med høgare refusjonsinntekter for ressurskrevjande tenester enn budsjetttert. Meirinntekt på dette området utgjer 11,3 mill kr.

Psykisk helse og rus har eit mindreforbruk på 1,6 mill kr i 2022. Tenesta får 2,8 mill kr høgare inntekter for ressurskrevjande tenester enn budsjetttert. Endringar knytta til brukarane i 2022 førte til usikre anslag for refusjon i budsjettet.

Tenesteområde for Lege- og rehabiliteringsteneste har eit mindreforbruk på 1,5 mill kr i 2022. Avviket er fordelt på mange mindre poster på mange avdelingar, kor legetenester har størst avvik med eit mindreforbruk på 1,2 mill kr. Avviket er ein kombinasjon av høgare refusjoner og lågare lønnskostnader enn budsjetttert.

NAV har i 2022 eit mindreforbruk på 7,4 mill kr. Ein stor del av dette (3,4 mill kr) er knytta til seint ankomne flyktningar frå Ukraina. Det har vore krevjande å estimere når desse kostnadene vert utløyst. Utbetaling av sosialhjelp er 1,3 mill kr lågare enn budsjettet. Kostnader til vikar ved sjukdom har også vore lågare enn refusjonsinntektene, samt at øvrige statlege refusjonane har vore høgare enn budsjettet.

Helse stab har eit samla meirforbruk på 1,0 mill kr. Dette har samband med at tilbakebetaling av for høg refusjon og må sjåast opp mot høgere refusjonsinntekter ellers på sektoren.

Oppvekst

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
600-Oppvekst stab	232 849	266 913	270 461	3 548	1,3 %
610-PPT	16 668	17 519	18 258	739	4,0 %
620-Skule	403 303	426 859	423 532	-3 327	-0,8 %
640-Barnehage	76 888	80 113	81 420	1 307	1,6 %
650-Barnevern	75 210	91 841	99 303	7 462	7,5 %
660-Helsestasjon og jordmor	16 006	19 127	19 486	360	1,8 %
Sum	820 925	902 371	912 460	10 089	1,1 %

Kommentar til status økonomi

Oppvekst hadde eit samla mindreforbruk på 10,1 mill. kr. i 2022.

Stab oppvekst har eit mindreforbruk på 3,5 mill. kr. Dette skuldast at det innan skuletenester er mindreforbruk knytt til utbetaling av spesialpedagogisk hjelp i privatskular, skuleskyss og færre vedtak i forhold til redusert foreldrebetaling innan SFO. Innan barnehage er mindreforbruket knytt til at færre born busett i Alver har barnehageplass i andre kommunar samanlikna med tidligare, og at det er høgare refusjonsinntekt for born frå andre kommunar med barnehageplass i Alver kommune.

PPT har eit mindreforbruk på 0,75 mill. kr. i 2022. Det skuldast i hovudsak mindreforbruk på løn på grunn av vakante stillingar og refusjon av sjukeløn.

Skule har eit samla meirforbruk på 3,3 mill. kr. i 2022. Meirforbruket er knytt til auka behov ved fleire skular samt auka utgifter til skuleskyss. Vaksenopplæringa har eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr som skuldast auka inntekter for norskopplæring.

Barnehage har eit mindreforbruk på 1,3 mill kr. knytt til lønsområdet, då det er høgare refusjonsinntekter enn vikarutgifter.

Barnevern har eit mindreforbruk på 7,4 mill kroner. Det er eit mindreforbruk innan løn med meirinntekter på refusjon sjukelønn samt lågare lønsutgifter i samband med plasseringar. Det vart gjennomført færre plasseringar i siste del av 2022 i høve til venta utvikling og nokre plasseringar vart avslutta tidlegare enn forventa. Barnevern har og høgare refusjonsinntekter enn budsjettet.

Helsestasjon- og jordmortenesta har eit mindreforbruk på 0,35 mill kroner som skuldast høgare refusjonsinntekter enn budsjettet.

Teknisk forvaltning og drift

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
700-Teknisk forvaltning og drift stab	6 663	6 749	7 653	904	11,8 %
710-Arealforvaltning	8 844	10 597	13 137	2 540	19,3 %
720-Drift og vedlikehald	166 886	182 767	177 048	-5 719	-3,2 %
730-Eigedomsforvaltning	-9 207	4 023	11 198	7 175	64,1 %
Sum	173 185	204 135	209 036	4 901	2,3 %

Kommentar til status økonomi

Sektor teknisk forvaltning og drift hadde eit samla mindreforbruk på 4,9 mill. kr i 2022. Sjølvkost rekneskapen for vatn og avlaup (VA) er inkludert i tala, og bidreg med eit mindreforbruk på 5,0 mill. kr. Mindreforbruket skuldast lågare kostnader til drift og avskrivninger, medan inntektene vart noko høgere enn budsjettert innafor vannområdet.

Meirforbruket på den kommunale drifta vart 0,1 mill. kr i 2022.

Inntekter innanfor Areal- og eigedomsforvaltning (gebyrinntekter, husleige og tilskudd) for 2022 er 3,6 mill. kr høgare enn budsjettert. Av desse er 1,2 mill. kr avsatt til sjølvkostfond byggesak. Netto meirinntekt utgjer dermed 2,4 mill. kr.

Innanfor lønnsområdet er det eit samla mindreforbruk på 4,4 mill. kr. Det er i liten grad henta inn vikarar ved fråver. Dette resulterer i at sjuke- og svangerskaps-refusjonar bidreg til samla mindreforbruk.

Mindreforbruk løn/meirinntekt er nytta til å dekke meirkostnader mellom anna på straum (1,1 mill. kr), bilkostnader (1,5 mill. kr), byggkostnader, leige m.m. (2,8 mill. kr) og auke på driftsavtaler/reparasjonar (2,5 mill. kr). Mykje av kostnadsauken er knytta til ekstraordiner prisstigning.